



Lerøy Vest AS - Vurdering av verknad av om tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn

Visar til KU-forskrifta §10 om plan eller eit tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn bokstavane a-h.

I vurderinga av om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, og følgjeleg skal konsekvensutgreiast, skal det sjåast hen til verknadane sin intensitet og kompleksitet, sannsynlegheit for at verknaden inntreff og når dei inntreff, varigheit, hyppigheit og moglegheit for å reversera eller avgrensa dei, om verknadane strekkjer seg over landegrensene, samt samla verknader av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterande, godkjende eller planlagde planar eller tiltak.

- a) Lerøy Vest (LV) har undersøkt Alver kommune (tidlegare Meland) sin arealdel og føresegner til kommuneplanen før søknaden vart laga. Da var det eit stort areal satt av som fleirbruksområde med Akvakultur. Under utarbeiding av søknaden, vart ny arealplan vedtatt etter at den var klagebehandla i departementet, denne planen har to fråskilde fleirbruksområder med Akvakultur. Godkjent plankart var ikkje tilgjengeleg på internettet og da stemte ikkje føresegner og kart. Dette har medført at vi gjennomførte forundersøkinga og miljøgranskinga i nærleiken av søkt lokalitet, da vi måtte endra lokaliseringa under vegs. I ettertid er det gjennomført ein ny MOM B undersøking på omsøkt område.
- b) LV sin søknad går ut på å nytta godkjent fleirbruksområde med Akvakultur, til matproduksjon. Her legg ein auka beslag på areal på 100m x 600m, men vi har unngått å leggja anlegg inn i leia og lagt fortøyingane utanfor godkjent rekefelt. Da dette er i tråd med gjeldande arealplan, ser vi ikkje at dette skal løyse ut ein KU.
- c) Det er ikkje mykje avfall som kjem frå ein slik produksjon, da det ikkje er emballasje på fôret ein nå mottar. I dette området blir avfallet samla, sortert og levert til Kviste båtkai, der vi har avtale med Ragn-Sells om henting av restavfall og farleg avfall.» til: «I dette område har vi avtale med Ragn-Sells om henting av restavfall og farleg avfall. Farleg avfall blir lagra i egne lukka containarar, deklarerert og levert inn minst ein gong i året. Restavfallet blir samla, sortert og levert til Kviste båtkai. LV meiner derfor at dette punktet ikkje løyser ut ein KU. Lokaliteten ligger i Mangersfjorden, som er ein open fjord og utan tilknytte tersklar. Lokaliteten ligger dermed i et område med stor resipient kapasitet. Straum undersøkingar viser også til gode straumforhold rundt lokaliteten. Produksjonen vil være i opne ringar og djupne under lokaliteten er frå omtrent 100 - 230 meter. Lokaliteten har dermed eit stort spreingsareal, slik at LV ikkje forventa at lokaliteten vil føre til økt belastning i dette området Tilstanden til resipienten vil

LERØY VEST

Skipavika 54,
N-5397 Bekkjarkvik, Norway

Phone + 47 91 91 18 00
Foretaksregisteret/VAT NO 886 813 082 MVA

Email firmapost@sjotro11.no
leroyseafood.com

bli overvaka gjennom dei lovpålagde miljømålingane, slik som MOM-B og MOM-C prøvar. Vi meina derfor at dette heller ikkje løyse ut ein KU.

- d) Det er vanskeleg for LV å sjå at denne endringa skal løysa ut KU for denne bokstaven. Det er utarbeidd ein dokumentert internkontroll som inneber prosedyrar for alle arbeidsoperasjonar på lokalitetane og her tar ein også hand om HMS. Ein har også anleggssertifikat som skal sikra at lokaliteten føl NYTEK og NS-9415 og dermed minimera faren for havari/rømming.

Lokalisering og påverknad på omgjevnad omfattar ei vurdering av om planen eller tiltaket kan medføra eller koma i konflikt med:

- a) Lokaliteten ligger i godkjent fleirbruksområde med akvakultur i Alver kommune sin arealdel til kommuneplanen og LV reknar med at denne bokstav er vurdert før godkjenning av areal til AK-føremål. Vi har sjekka opp mot registrerte kulturminne i kulturminnekart.no og har ikkje funnet registreringar i nærleiken. Vi har også sjekka opp mot artskart, her finner vi område for Ærfugl. Vår erfaring med ærfugl er at den trekker mot anlegga da det her er god næringstilgang ved at den beiter blåskjel på flyterør/slangar. Vi kan derfor ikkje sjå at noko under bokstav a) skal løyse ut ein KU.
- b) Her ligg eit godkjent fleirbruksområde med akvakultur på sjøen og kan ikkje sjå at søknaden løyser ut ein KU etter bokstav b).
- c) LV har endra søknaden etter at vi var gjort merksam på at ny arealplan ble godkjent sommaren 2021, vi kan derfor ikkje sjå at søknaden løyse ut ein KU etter bokstav c).
- d) Området er avsett til akvakultur i sjø og vil dermed ikkje påverka føresegnene etter bokstav d).
- e) Vassførekomsten id 0261030500-2-C har (god) økologisk tilstand (<https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0261030500-2-C>).
- f) LV forventar ikkje at ein produksjon av laks og regnbogeaure i sjø her, vil påverka befolkninga si helse etter bokstav f).
- g) LV arbeider med å redusera klimaavtrykket i sin matvareproduksjon, vi arbeider blant anna med å elektrifisera alle lokalitetane og har under bygging hybrid båtar. Vi ser derfor ikkje at den planlagde produksjonen vil løysa ut ein KU etter bokstav g).
- h) Ingen punkt lista opp under bokstav h), vil verta påverka av ein slik produksjon av sjømat som det her vert søkt om.

Bekkjarvik 23.12.2021